

DETALJREGULERING
BN10 SESSNESET, VESTNES KOMMUNE

PLANOMTALE

01.02.2023
Rev. 19.06.2023
Rev. 19.08.2023



PlanID 15350166

1 BAKGRUNN

GRUNNLAG

Denne reguleringsplanen med tilhørende plandokument er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova kap 12 og tilhørende «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl» og «Kart- og planforskriften, og vegleiar for reguleringsplanarbeid, datert 2022.

TILTAKSHAVAR OG PLANRÅDGJEVAR

Tiltakshavar for denne reguleringsplanen er eigaren av gnr. 5 bnr. 117 i Vestnes kommune; Sætre Matfisk AS, Daugstadvegen 445, 6392 Vikebukt.

Planrådgjevar er Ing. Jostein Bø, Kråkvika 33, 6390 Vestnes.

MÅLSETJING:

Grunneigaren si målsetjing er å utarbeide ein reguleringsplan som heimelsdokument for utbygging av eit område til vidareutvikling av akvakulturanlegg på land under definisjonen næringsformål, jfr. pbl § 12-5 pkt. 1

2 PLANPROSESSEN

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 er reguleringsspørsmålet lagt fram for Vestnes kommune gjennom planinitiativ datert 07.01.2022.

Det vart halde oppstartsmøte med Vestnes kommune den 03.02.2022. Det ligg føre referat frå møtet. Det vart i møtet gitt klarsignal til at reguleringsarbeidet kunne settast i gang. Planområdet vart i møtet utvida til også omfatte skuleområdet, til same reguleringsformål.

I oppstartsmøtet vart det konkludert med «Behov for KU: Ikkje vurdert nødvendig utover utgreiingsbehov nemnt i planinitiativet og sidan B10 er avklart i kommuneplanen.»

Oppstart av planarbeidet vart varsla gjennom brev til naboar og høyringsinstansar, datert 09.03.2022, og annonse i Vestnesavisa.

Det kom inn 7 innspel til planarbeidet etter dette varselet. Desse er oppsummert og kommentert i eige vedlegg.

PLAN- OG BYGNINGSLOVA KAP 14 OM KONSEKVENsutGREIING.

I samband med oppstartsfasen for dette reguleringsarbeidet har kommunen konkludert med at plan- og bygningslova sitt krav om konsekvensutgreiing ikkje vil bli gjort gjeldande for planarbeidet. Grunngevinga er at arealbruken var avklart i kommuneplanens arealdel.

Både Statsforvaltaren og fylkeskommunen hadde i sine innspel innvendingar til dette. Grunngevinga var mellom anna at arealet på austsida av fylkesvegen ikkje hadde slik arealbruksavklaring i kommuneplanen.

Det er rett, då kommuneplanen viser at for området «Daugstad skule» skal gjeldande reguleringsplan gjelde, altså formål offentlege bygningar/skule.

Tiltakshavaren har då funne det tenleg å ta dette området ut frå reguleringsplanen, slik at denne no omfattar næringsområdet vist i kommuneplanen, område BN10.

Ei slik løysing fjernar då krav om KU på grunn av motstrid med kommuneplanens arealdel.

Fylkeskommunen viser også til *Vedlegg II til Forskrift om konsekvensutredninger*, som omhandlar *Planar etter plan- og bygningslova og tiltak etter anna lovverk som skal vurderast nærare*. Under punkt f) står *Akvakultur* som eige punkt. Ansvarleg mynde er Fylkeskommunen som skal handsame slike anlegg etter Akvakulturlova.

Vedlegg II omhandlar tiltak som skal KU-utgreiast dersom tiltaket vil få vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn.

I dette tilfelle gjeld det gjennom reguleringsplan å legge til rette for fiskeoppdrett i lukka anlegg på land. I motsetning til eit tradisjonelt akvakulturanlegg i fjorden, vil dette kunne samanliknast med ei vanleg industriverksemd med eigne krav til avlaup. Konsekvensane for miljøet blir då vurdert til ikkje å vere vesentlege.

Når så forutsetninga i kommuneplanen for BN10 var å legge til rette for vidare næringsutvikling med utgangspunkt i eksisterande akvakulturverksemd, vil ikkje detaljreguleringa føre til nye vesentlege konsekvensar for samfunn og nærområde.

På denne bakgrunnen er det vurdert at plan- og bygningslova sitt krav om konsekvensutgreiing ikkje blir gjort gjeldande.



3 PLANOMRÅDET

LOKALISERING

Planområdet ligg på austsida av Tresfjorden, og utgjer ca 55 daa, inkl. sjøareal. Det er avgrensa av fylkesveg 5981 i aust, sjøen i vest og Sesselva i sør. Tilkomsten til området er i dag heilt nord i planområdet, med avkjørsel frå fylkesvegen.



Frå naturen si side er planområdet rimeleg flatt og ligg mellom kote 1-5.

Ca 9,5 daa er oppdyrka, og brukt til grasproduksjon.

Det er i dag lite vegetasjon på området, mest langs den øvste delen ved Sesselva.

Strandsona utanom sjølve elveosen, er i stor grad påverka av utfylling, tidlegare kai, naust med opparbeidde støer.

Langs ein stor del av den nordre elvekanten er det gjennomført elveforbygging.


Mykje av den sørlege delen av planområdet er rydda og brukt som lager.

Ved sjøen står der i dag 4 naust, eitt på frådelt tomt.

Der er i dag eit eldre sagbruk nede ved sjøen, med restar av tilhøyrande «vassrenne» for vassdrift. Dette er i dag ikkje lenger i bruk.

Forutan ein tilkomstvegen er det ikkje anna teknisk infrastruktur i området.


Landskapsmessig følgjer strandlina den naturlege forma til ein elveos. Men det er tydelege teikn på at det har skjedd utfylling langs sjøen i store delar av planområdet, heilt frå omlegginga av tilkomstvegen som ein følgje av opprusting av hovudvegen, forbi dyrkajorda og nesten fram til elveosen.



Illustrasjonen ovanfor viser bruken av bygningar i området. Lengst sør-vest i illustrasjonen er det regulert inn 4 bustadtomter som ikkje er bebygde endå.

GJELDANDE AREALPLANAR ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Kommuneplanens arealdel for Vestnes kommune vart godkjent i 2015. Planområdet er der nemnt som BN10, formål næringsverksemd - framtidig.



Utsnitt av gjeldande kommuneplans arealdel

Under kap. 10 i planomtalen er området omtala slik:

Utvidingsområde for bedriftene på Sessneset. Etter ei samla vurdering er området foreslått utvida mot nord. Det er avklart med Salmar at området på austsida av hovudvegen ikkje er eigna. I sør ligg det 4 etablerte bustadeigedomar. Kommuneplanen legg til rette for å utvikle meir bustadareal her, noko som elles har vore svært vanskeleg å få til på Daugstad.

Det er i kommuneplane gjort ei overordna konsekvensutgreiing:

BN 10: Daugstad		Konsekvensutgreiing
Dagens formål: LNF		
Foreslått formål: Næringsformål		
Areal: ca. 23 daa		
Gnr/bnr: 5/8, 12, 99		
Tema	Konsekvens	Fakta / vurdering
Miljø		
Forureining, støy		Noko støy frå eksisterande industriområde.
Landbruk, landskap		Landbruksmessig tap er rekna som marginalt, ca 10 daa.
Naturmangfald		Ikkje registrerte verdiar. Godt kunnskapsgrunnlag
Kulturminne, - miljø		Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innafør tiltaksområdet.
Naturmiljø/friluftsliv		Ikkje registrert. Nokre naust innafør området.
Samfunn		
Transportbehov		Ligg inntil og vest for dagens E136 med tilgang til sjø.
Infrastruktur		Ikkje kommunalt avløp i området nord for Sesselva
Folkehelse		Ikkje kjende konflikter.
Barn og unge		Ikkje kjende konflikter.
Samfunnssikkerheit		Ikkje registrert risikotilhøve i området.
Samla vurdering: Naturleg område for utviding av eksisterande aktivitet/næringar på Sessneset. Lett tilgjengeleg og ingen store konflikter. Vurdert som einaste praktiske mulegheit for utviding av eksisterande verksender. Bustadområde i sør stenger for vidare utviding sørover. I aust på andre sida av hovudvegen, er arealressursane vurderte som for små.		
Konklusjon: Lite, men godt areal for utviding av næringsaktivitet på Daugstad.		

Tilhøyrande føresegner i kommuneplanen:

Før nye nærings- og råstoffområde > 10 daa blir tatt i bruk skal godkjent reguleringsplan ligge føre, med vurdering av verknad for miljø, landskap og ev. botnsediment (§ 11-9, pkt 1).

Mudring og dumping kan skje etter særskilt løyve frå Fylkesmannen, jfr. forureiningslova § 22.6. Når sjøbotnen er forureina, er det nødvendig med løyve etter forureiningslova § 11 før utfylling kan starte opp.


BN10 i kommuneplan er eit resultat av innspel om arealbehov for utviding av eksisterande verksemd i området. Lokalisering av akvakultur på BN10 er såleis gjort etter ei større vurdering i kommuneplanarbeidet, der alternative areal ikkje finns i området. Lokaliserings spørsmål knytt til denne reguleringsplanen er difor ikkje drøfta vidare i planomtalen.

Ein liten del av planområdet i søraust ligg innanfor plangrensene til plan for Skuletomt Daugstad, planID 0021. Denne delen omfattar del av den tidlegare E136, no fylkesveg 5981 – Daugstadvegen.

ANDRE PLANAR

Interkommunal plan for sjøområda er ein arealbruksplan på kommuneplannivå. Denne er avgrensa til kystkonturen i kartverket.

Den viser omsynssoner for *friluftsliv* og for *krav vedrørende infrastruktur*. Sjøområda er gitt arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone - nåværende*



Utsnitt interkommunal plan for sjøområda

Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 – Møre og Romsdal vassregion.

Denne planen fastset miljømål for vassførekomstane i fylket med omsyn på at desse skal vere reine og friske nok til å ta vare på dei ulike økosystema og kunne nyttast til vassforsyning og næringsindustri. Planen gjev ein status for noverande tilstand, og inneheld ein handlingsdel for å nå målsettingane.

ANDRE FORHOLD

Trafikk og trafikktrygging

Veg- og trafikkstrukturen er i området dominert av den gjennomgåande Daugstadvegen. Dette er den tidlegare E136 som no er klassifisert som fylkesveg, Fv 5981.

I gjeldande reguleringsplan i området, er denne regulert med breidde 6,0 m.

Av Statens vegvesen sitt Vegkart, er det oppgitt ei trafikkmengde på ÅDT 750. Dette er ikkje ein registrert verdi.

Frå ca 130 m sør for tidlegare Daugstad skule er det etablert gang og sykkelveg på ei strekning av ca 2,8 km på austsida av fylkesvegen. Denne fangar opp ein svært stor del av busetnaden i området.

Friluftsliv

Innanfor planområdet eller i nærleiken av dette, er det ikkje område som blir brukt til friluftsliv.

Areal langs Sessselva er lite egna til dette, og ikkje tilgjengelege.

Strandlina er steinrik og lite inviterande, og med kort avstand til marbakken.

Med utgangspunkt i eksisterande naust, er sjøområda godt tilgjengeleg for friluftsliv og fiske.

Vilt, artar og naturtypar

I Miljødirektoratet sin Naturbase viser under temaet «naturtypar» ingen registreringar, verken i sjø eller på land innanfor planområdet.




Utsnitt av Naturbase – naturtypar

Under temaet «artar og artsforvaltning» viser Naturbasen ei registrering frå 1988 som gjeld nordflaggermus. Registreringa er lokalisert noko sør for planområdet.

Vidare er heile Tresfjorden heilt inn til kystkonturen markert som gyteområde for torsk, medan ein noko meir avgrensa del også er gyteområde for andre artar. Dette forholdet er også påpeika av Fiskeridirektoratet sitt innspel til planarbeidet.

I interkommunal plan for sjøområda i Midsund, Molde, Vestnes og Rauma er det avgrensa området vist som gyteområde.



Utsnitt av Naturbase – artar og artsforvaltning – gyteområde

I Vestnes kommune er det gjort biologisk mangfoldsvurderingar i fleire omganger, utan at det er gjort viktige registreringar her. Det er registrert uønskte planter, hage lupin og platanlønn innanfor planområdet eller i nærleiken.

I samband med konsesjonssøknaden vart det gjort undersøkingar i sjøen og på sjøbotnen. I rapport frå Åkerblå AS datert 24.06.2021 går det fram at botnfaunaen synes å vere livskraftig, med til dels god toleranseevne overfor eventuell forureining. Slangestjerne er ein utbreidd art her.


Kulturminne

Eitt av nausta innfor planområdet er registrert i SEFRAK, som bygd midt på 1800-talet. SEFRAK-ID 1535-0013-049.

Ved synfaring har fylkeskommunen påpeikt at den gamle saga med tilhøyrande anlegg har kulturhistorisk interesse.



4 PLANFORSLAGET



HOVDGREP OG AREALBRUK

Beskriving av hovudformålet/-tiltaket:

Hovudmålsettinga med reguleringsplanen er å legge til rette for oppdrett av slakteferdig matfisk på land.

Anlegget blir planlagt utbygd i tre fasar, der ein ved full utbygging vil ha eit produksjonsvolum på 2.880.000 kg biomasse.

Anlegget vil vere inndelt i to avdelingar: ei for postsmolt og ei for matfisk. Forutan sjølve produksjonsdelen, vil anlegget bestå av pumpestasjonar, oksygentankar, reinseanlegg, fjørlager, slamavskillarar og diverse avløp-, transport- og inntakrør. Nødvendige kontor- og personalfasilitetar skal innarbeidast i anlegget, saman med nødvendig trafikk- og serviceareal utanom bygningssmassen.

Arealformål:

Utbyggingsareala er regulert til nærings- og naustformål. Næringsareala omfattar både planlagt areal til akvakulturanlegget og eksisterande lagerareal for sagbruket på sørsida av Sessselva. Det er sett av eit grøntbelte langs nordsida av Sessselva, som er både miljø-/vegetasjonsbelte og buffersone. Innanfor grøntbeltet kan det gjennomførast nødvendige sikrings- og forbyggingstiltak mot elva.

Sjøområdet er avsett til naturområde ved osen, friluftsområde utanfor naustområdet, og hamneområde i sjø utanfor deler av næringsområdet.

Trafikkareala gjeld offentleg veg med sideareal og privatveg.

Tilkomst:

Det er regulert inn ei ny avkjørsel til området til erstatning for eksisterande, som går rett over ei busslomme ved fylkesvegen.

Utbyggingsområde:

Hovudformålet er næringsformål. Dette utgjer ca 18,5 daa, med utnyttingsgrad BYA = 60 %. Utnyttingsgraden er definert som «forholdet mellom bebygd areal etter § 5-2 og tomtearealet.» Byggehøgde er avgrensa til kote 14,5.

Planen opnar for mindre fylling i sjø, og/eller konstruksjonar på pålar i sjø.

I naustområdet skal erstatningstomter for eksisterande naust i planområdet prioriterast.

Nye naust skal oppførast i samsvar med føresegnene til kommuneplanens arealdel.

Utbyggingsområda må planerast til min. kote 3,3 før det kan førast opp bygningar/konstruksjonar.

Lengst i sørvest omfattar næringsarealet eit område brukt til lager for eksisterande sagbruk på sørsida av elva. Tilhøyrande kryssing av elva er såleis ein intern og privat veg, bygd med bru etter godkjenning i sak 222/2008 i Vestnes kommune.

Restriksjonar

Før det kan gjevast løyve til riving av sagbruket, skal ein dokumentasjon av dette med tilhøyrande anlegg leggst fram for kommunen som bygnings- og reguleringsmyndighet, jfr. føresegnene pkt. 2.5.

Fylling og peling i sjø kan berre skje utanom tidsrommet 1. februar til 1. juni.

Friluftsliv, barn- og unge sine interesser:

Planområdet er redusert i forhold til varsel om oppstart, og det som no blir regulert er eit reint næringsområde i samsvar med kommuneplanen. Innanfor eit slikt område er det ikkje naturleg å legge spesielt til rette for verken friluftsliv eller aktivitet for barn og unge.

Innanfor regulert naustområde kan sjølvsaugt slik aktivitet finne stad i tråd med tradisjon.

Universell utforming

Planområdet er i dag, og vil etter utbygging vere tilnærma flatt. Det ligg såleis godt til rette for at uteområda og tilgang til bygningar vil vere tilgjengelege for personar med funksjonshemmingar. TEK17 stiller elles krav til universell tilrettelegging i bygningar med arbeidsplassar.



VERKNADER AV PLANEN

Utbygging:

Reguleringsplanen vil gje rom for utbygging av eit moderne landbasert akvakuturanlegg med tilhøyrande innretningar og konstruksjonar.

Planen opnar for mindre utfylling i sjøen. Slik utfylling vil vere avgrensa, då marbakken ikkje ligg langt frå dagens strandline.

For å få til kai, vil det difor vere naudsynt med peling som berande konstruksjon.

Innafor formålet skal det etablerast reinseanlegg for avlaupsvatn, pumpeanlegg, kontor m.m..

Lokalisering:

Lokalisering

BN10 er fastsett i gjeldande kommuneplans arealdel for Vestnes. Bakgrunnen for at dette vart tatt med i planen, var at dette var det mest aktuelle utvidingsområdet for eksisterande landbaserte akvakuturanlegg på sørsida av Sesselva. Formålet akvakultur/oppdrett var såleis ei grunngeving for planlagt arealbruk. Lokaliseringsspørsmålet var såleis avgjerande for kommuneplanens arealbruk her.

Det planlagde anlegget på BN10, og som det er søkt om konsesjon for, er oppdrett av matfisk inne på land.

Ein planlegg å bygge ut anlegget i tre fasar som forklart i vedlegg 3 «anlegget» i akvakultursøknaden. Det vil fullt utbygd bestå av 24 kar som skal romme 1000 m³ plassert i fire grupper.. Det må også byggjast pumpestasjonar, oksygentankar, reinseanlegg, fôrlager, slamavskiljar og diverse avløp-, transport- og inntaksrør og eit administrasjonsbygg sentralt på området.

Det er i mange samanhengar understreka at lukka og/eller landbaserte akvakuturanlegg er løysinga for å sikre seg mot rømming frå anlegg, unngå utfordringane knytt til lakselus, redusere sjukdommar, i tillegg til at det er mogleg å ha kontroll på utslepp og forureining i sjøen.

Dette er viktige faktorar for ei framtidig oppdrettsnæring med betra fiskevelferd, og for å redusere verknadane på og ta vare på natur og miljø i omgjevnadane.

Oppsummert kan ein vanskeleg sjå at dei vanlege vurderingane for lokalisering av tradisjonelle akvakuturanlegg inne i fjordar kan gjerast gjeldande i dette tilfellet. Her er det naturleg at vurderingane skjer på lik linje med andre nærings-/næringsmiddelverksemdar, med tilhøyrande krav til utslepp og påverknad på omgjevnadane.

Trafikk og trafikktrygging:

Fylkesveg 5981 er oppretthalden og vidarefør slik den i dag er regulert, med 6 m reguleringsbreidde. I tillegg er det sett av sikringssone på 6,5 m (N101 kap 2: S= 5 (A) + 0 (T1) + 0 (T2)+ 0 (T3) – 0,5 m(skulder) = 4,5 m).

Ny avkøyrsløse er flytta bort frå eksisterande busslomme, og ca 110 m sørover. Siktretkantane er utforma etter N100 kap 4.1.4, figur 4.2.7 og tabell 4.6, med stoppsikt 105 m.

Busslomma er oppretthalden.

Regulert busslomme like sør for planområdet vil tene heile næringsverksemda, ved at det kan etablerast ein gangforbindelse over elva.

På austsida av fylkesvegen er der i dag tilrettelagt med gang- og sykkelveg.

Ei samla vurdering av situasjonen, med ein trafikk på ca ÅDT 750 på fylkesvegen, godt tilrettelagt med gang- og sykkelveg og busslommer, oversiktlege område og trafikkforhold, vil trafikktrygginga i området vere godt ivaretatt for dei 10-15 nye arbeidsplassane som ei full utbygging vil gi.

Støy:

Det er gjennomført støyberekningar for området, jfr. rapport frå Norconsult AS. Av samandraget går det fram at «*Beregningene viser at aktiviteten i området ikke vil medføre at grenseverdiene for støy i henhold til retningslinje T-1442 vil kunne tilfredsstilles utan støyreducerende tiltak med visse forbehold. For ikke å overstige grenseverdien for støy på natt $L_{night} < 45$ dB ved naboer i området bør alle kilder på fasader av driftsbygningene vendes bort frå boligbebyggelsen, dvs mot sjøen i nord/vest.*»

Reguleringsføresegnene set krav om tiltak i samsvar med rapporten. Pkt. 3.1 sjetta kulepunkt.

Klimatilpassing:

I dei *Statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* pkt. 4.3 blir det stilt krav om å **gjere greie for** kva kunnskapsgrunnlag som er lagt til grunn for planen.

Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd ein *Klimaprofil for Møre og Romsdal*. Denne tek for seg endringar i naturbaserte faktorar som auka nedbørsmengder, større intensitet og kortare tidsintervall mellom slike hendingar. Det blir vist til farekart og aktsemdskart som NVE forvaltar for havnivåstigning, stormflo, flaum og skred m.m.

Vestnes kommune utarbeidde i 2011 ein *Energi- og klimaplan*. Denne fokuserer særleg på reduksjon i energiforbruket og dermed reduksjon av klimagassutsleppet, både i kommunen si eiga verksemd og i samfunnet elles. Den seier lite om klimatilpassing.

I kommuneplanens arealdel frå 2015 er ikkje klimatilpassing innarbeidd. Heller ikkje i samfunnsdelen.

Målsettinga for arbeidet med klimatilpassing er at lokalisering og opparbeiding av nye utbyggingsområde, bygningar og anlegg, skal vere robust nok til å tole dei klimaendringane ein står framfor. Med robust meiner ein også at løysingar for nye anlegg og bygningar ikkje skal føre til auka fare eller ulempe for andre.

For denne planen er det utarbeidd ei ROS-analyse. I denne har ein tatt utgangspunkt i NVE sine fare og aktsemdskart, der også gjeldande klimapåslag er innarbeidd. I tillegg er det gjort grunnundersøkingar og flaumberekningar.

ROS-analysen viser at store deler av planområdet er flaumutsett ved framtidig høgare havnivå og stormflo, og at ein del av arealet langs nordsida av Sesselva er vil bli påverka av flaum i elva. I samsvar med ROS-analysen tek reguleringsplanen høgde for desse forholda ved at det er sett krav til terrenghøgde for byggegrunn, og ved å sette av ein buffersone langs Sesselva, som er større enn fareområdet.

Det **er elles** ikkje avdekka **andre** naturfarar, noverande eller framtidige, som vil påverke dette området eller som ein må ta omsyn til i planen.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12

Etter § 8 skal avgjerder som har verknad for naturmangfaldet «*så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.*»

Det er ikkje registrert naturtypar eller artar i Artsdatabanken og Naturbase i planområdet eller i dei tilgrensande områda, utanom ei eldre registrering av *nordflaggermus*. I tråd med statsforvaltarens råd er det sett av eit grøntbelte/vegetasjonsbelte/naturområde langs nordsida av elva, som kan vere eit viktig habitat for denne.

Vidare er heile Tresfjorden heilt opp til kystkonturen markert som gyteområde for torsk, medan ein noko meir avgrensa del også er gyteområde for andre artar.

Gyteområdet er også peika på av Fiskeridirektoratet ved planoppstart. I interkommunal plan for sjøområda i Midsund, Molde, Vestnes og Rauma er det avgrensa området vist som gyteområde. Fiskeridirektoratet har ikkje innvendingar til den planlagde arealbruken slik denne er vist i reguleringsplanen. Men med omsyn til dei registrerte gyteområde og dermed også oppvekstområda for fiskeyngel i Tresfjorden, rår ein til at det vert sett begrensingar på når på året det skal kunne fyllast/pelast i sjø. Dette omsynet er no tatt inn i føresegnene.

Drifta av det planlagde anlegget har ein vurdert ikkje å ha konsekvensar for gyteområda.

Arealbruken i utgangspunktet avklart i kommuneplanens arealdel, og dert er i tidlegare planprosessar ikkje kome fram kunnskap om særlege naturtypar eller sårbare artar. Biologisk mangfald har i tillegg vore registrert i fleire omgangar i Vestnes kommune, utan at i dette området har gjort funn av slike. Unnataket er ei eldre registrering (1988) av nordflaggermus litt sør for planområdet. Dette er av dei mest vanlege flaggermusartane, og som finns i heile landet. Den trivs i kulturlandskap, skogsterrang og i hagar. Ein legg til grunn at reguleringsplanen ikkje vil ha vesentleg verknad knytt til denne registreringa. Det er også gjort undersøkingar i sjøen og på sjøbotnen, område for vassinntak og utslepp. Registreringane der er ikkje av ein slik type eller art at tiltaka etter reguleringsplanen ikkje kan gjennomførast. Jfr. rapport frå Åkerblå AS, 24.06.2021-

Kunnskapsgrunnlaget blir vurdert til å vere tilstrekkeleg for å legge til grunn at her ikkje er slike naturverdiar i dette området, eller at det må innarbeidast andre tiltak enn det som alt er vist i planen (grøntbelte langs Sesselva).

Med grunnlag i at kunnskapsgrunnlaget er godt nok, vil ikkje føre-var-prinsippet i § 9 bli gjort gjeldande.

Verknaden av planen på natur og omgjevnader er vurdert ikkje å føre til meirbelastning utover tolegrensene. Jfr. § 10 i naturmangfaldlova.

Slik plankart og planføresegner er utforma, vurderer ein at utbygging av planområdet tek rimeleg omsyn til landskap, natur og miljø, slik § 12 forutset.

Verknad på vassførekomstane i området

Gjeldande miljømål (for resipienten Tresfjord og vassdraget Sesselva):

Vassforskrifta (Forskrift om rammer for vassforvaltningen)

§ 1 Formål

Formålet med denne forskriften er å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene.

Forskriften skal sikre at godkjente vannforvaltningsplaner med tilhørende tiltaksprogram revurderes og oppdateres hvert sjette år.

Overordna miljømål for både overflatevatn og sjø kan definerast som i §§ 4 og 5: Tilstanden skal beskyttes mot forringelse og forbedres med sikte på at vannforekomsten skal ha minst god økologisk potensial og god kjemisk tilstand.

I Møre og Romsdal er det utarbeid en Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal 2022-20217 vedtatt i 2022.

I pkt. 5.1 – Miljømål etter vassforskrifta er miljømåla oppsummert slik: *Miljømåla i forskrifta er gitt etter grenseverdiar for økologisk og kjemisk tilstand, og det er forvaltningsplanen som set dei endelege miljømåla for alle vassførekomstar.*

«Standard miljømål» er vassforskriftas minimumskrav til miljøtilstanden i ein vassførekomst. Miljømål er sette for overflatevatn (elvar, innsjøar og kystvatn), grunnvatn og prioriterte stoff. Miljømåla etter vassforskrifta er:

Overflatevatn (§4): minst god økologisk og god kjemisk tilstand

Grunnvatn (§6): minst god kjemisk og kvantitativ tilstand

Prioriterte stoff (§7): reduksjon og stans i utslepp av prioriterte stoff

I pkt 5.6 – Omforente miljømål i planperioden – er miljømål etter vassforskrifta definert slik: Alt vatn skal i utgangspunktet nå minst god økologisk og god kjemisk tilstand innan 2021. Dei fleste vassførekomstane i Vassregion Møre og Romsdal er eller er truleg i god økologisk tilstand. Her blir oppgåva å hindre ei forverring av tilstanden.


(Sjølv om den regionale planen er utarbeid i samarbeid med kommunane og lokalt kunnskapsgrunnlag, er det peika på at kunnskapsgrunnlaget bør forbetrast i neste planperiode. Side 85.)


På kommunalt hald har ein ikkje gjort egne vurderingar av miljømåla for vassforvaltninga.

Sesselva og indre delar av Tresfjorden er ikkje nemnt særskilt i forvaltningsplanen. Men i tillegget til planen med risikovurderingar, er begge vassførekomstane vurdert inn i grøn sone, dvs. område med liten risiko for negativ utvikling – vurdert utifrå den gjeldande situasjonen i 2015. Planen inneheld heller ikkje tiltak for å nå miljømåla.

Det betyr at *miljømålet* for desse vassførekomstane er å *hindre ei forverring av tilstanden*.

Kart som viser risikovurderingane er gjengitt på side 52 og 60 i den regionale planen:





I Miljødirektoratet sin Vann-nett portal konkluderer ein også der på same måte som i den regionale planen, at tilstanden er god og lite utsett.

Oppsummering miljømål:

Tilstanden for vassførekomstane indre del av Tresfjorden og Sesselva er god.

Det er ikkje utarbeida konkrete miljømål for desse to vassførekomstane.

Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal, utarbeid med bakgrunn i Vassforskrifta, definerer miljømåla, jfr. pkt. 5.6: Å hindre forverring/negativ utvikling av tilstanden.

Sesselva

Slik planforslaget no er utforma fører dette ikkje til ein ny eller endra situasjon for Sesselva. Utbygging av ny verksemd på BN10 skal nytte sjøvattn i produksjonen, og det er såleis ikkje behov for særskilt uttak av vatn frå Sesselva.

Den planlagde utbygginga fører heller ikkje med seg utslepp til eller andre ulemper for vassdraget med buffersone/grøntsone.

Grøntsona/buffersona er sett av med breidde på 20 m, for å sikre vegetasjon og dermed det økologiske miljøet langs elva. – Når det i føresegnene for dette grøntområdet er nemnt at «det kan utførast eventuell nødvendig sikringsarbeid mot elva», er det for at planen ikkje skal vere til hinder for å gjere framtidige erosjonssikrande arbeid/elveforbygging. Føresegnene er konkretisert vedkomande dette.

Utover dette inneber ikkje reguleringsplanen endringar og/eller nye verknader for Sesseva.

Med visning til den Regionale forvaltningsplanen for Vassregion Møre og Romsdal og små eller ingen endringar i aktuelle påverkningsfaktorar, må tilstanden i elva framleis kunne klassifiserast som god.

Miljømålet er då å hindre forverring/negativ utvikling av tilstanden.

Konklusjonen må såleis bli at konsekvensane av reguleringsplanen og ei utbygging i samsvar med denne ikkje vil påverke vassdraget Sesselva på nokon måte, og såleis ikkje føre til ei negativ utvikling med omsyn på definert miljømål..

Tresfjorden

Planområdet ligg ved den delen av Tresfjorden som i risikovurderingane i Regional plan for forvaltningsplan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal er vurdert i kategori «ingen risiko». Det vil seie at tilstanden er god og at der er ingen kjente eksisterande faktorar som vil føre til vesentleg negativ påverknad (pr. 2015).

Denne situasjonen blir stadfesta i Miljødirektoratet sin Vann-nett Portal.

Miljømålet for resipienten blir då å hindre forverring/negativ utvikling av miljøtilstanden.

I samband med utarbeiding av konsesjonssøknaden for etablering av landbasert oppdrettsanlegg, vart det gjort undersøkingar i fjorden og sjøbotnen som underlag for aktuelle løysingar for utslepp frå anlegget. Sjå rapport dater 24.06.2021 frå Åkerblå AS. Rapporten stadfester det som tidlegare er nemnt om statusen i denne delen av fjorden. Den viser også at botnfauaen i området ikkje er spesielt artsrik, og at artane i stor grad er tolerante/lite sårbare over for eventuell påverknad frå eit framtidig utslepp, slik dette er planlagt frå anlegget.

Utsleppet frå anlegget vil bli reinsa etter BAT prinsippet. Etter reinsing vil utsleppet vera organiske finpartiklar (<80 µm) frå fiskeslam. Det skal ved full produksjon produserast 3 000 tonn laks årleg. Det blir eit årleg punktutslepp på rundt 100 tonn nitrogen og 10 tonn fosfor som vil spreie seg i resipienten. Sjå vedlegg 4 «Avløp og reinsing» for detaljert informasjon om utsleppet og rapport datert 29.10.21 for modellert spreining av utsleppet i resipienten.

Verknaden frå utsleppet på resipienten vil i hovudsak kome frå nærings salt som kan føre til eutrofiering. Fordi Tresfjorden er ein terskelfjord og ikkje optimalt egna for omsetting av nærings salt, blir det planlagt å gjennomføre ei rekkje miljøtiltak som er oppsummert i vedlegg 8 «Miljø» i akvakultursøknaden. Det vil då ikkje vere risiko for at utsleppet vil påverke den økologiske og kjemiske tilstandsklassen i vassførekomsten i negativ grad om ein følgjer desse tiltaka. (Tiltakshavaren har oppfordra om at desse tiltaka blir stilt som krav i eit eventuelt utsleppsløyve.)

Kulturminne

Det er ikkje påvist eller registrert fornminne eller automatisk freda kulturminne som planen må ta omsyn til.

I reguleringsføresegnene pkt. 1.4 er det gitt krav om varsling ved moglege funn.

Bygningar og anlegg knytt til det tidlegare sagbruket på gnr. 5 bnr. 12 er av Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling vurdert til å ha stor kulturhistorisk interesse, knytt til båtbyggerhistoria i Vestnes.

Det er i føresegnene pkt. 2.3 stilt krav om at det skal utførast ein kulturhistorisk dokumentasjon av saga og det tilhøyrande anlegget. Målsetjinga med dette er å sikre for ettertida ei forståing av korleis eit eldre sagbruk vart drive, og særleg korleis dette vart ein viktig del av båtbyggerhistoria i Vestnes. Dette arbeidet vil bli gjennomført i forståing med grunneigar, Vestnes kommune og Båtbyggarmuseet Fartøysamlingane i Vestnes.

Det er stilt krav om at slik dokumentasjon må ligge føre før evt. søknad om riving kan behandlast.

ROS-analysen

ROS-analysen er utarbeid i samsvar med Direktoratet for sikkerhet og beredskap sin rettleiar for «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging», med vedlegg.
Dei identifiserte forholda som planen må ta omsyn til, er innarbeidde i plankart og føresegner.

REGULERT AREALBRUK - AREALOVERSIKT

Nivå 1 – Planområdet	55.203 m ²
Nivå 2 – Reguleringsformål	
Næring, BN	18.792 m ²
Naust, BUN	3.494 m ²
Køyreveg, SKV	1.581 m ²
Annan veggrunn, teknisk, SVT	1.073 m ²
Haldeplass, SH	162 m ²
Grønstruktur, naturområde, GN	3.457 m ²
Bruk og vern av sjø og vassdrag	
Naturområde, VN	7.364 m ²
Friluftsområde, VFV	5.572 m ²
Hamneområde i sjø, VHS	13.708 m ²
Nivå 3 – Omsynssone, frisikt, H140	
Omsynssone, flaumfare, H330	236 m ²
Omsynssone kulturminne, H570	16.913 m ²
	1.883 m ²

REFERANSAR

Plan- og bygningsloven, med tilhøyrande forskrifter om

Behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven
TEK17

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Klimaprofil for Møre og Romsdal

Direktoratet samfunnssikkerhet og beredskap

DSB Veileder Samfunnsikkerhet i kommunens arealplanlegging

DSB Veileder Havnivå og stormflo

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Farekart kvikkleire

Fare- og aktsemdskart for flaum

Fare- og aktsemdskart for skred

Vegleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanleggingen

NGI-rapport om oppskylling av flodbølge etter skred i Opstadhornet (2018)

Sunnfjord Geo Center AS – Flaumfarevurdering

Norconsult AS – Grunnundersøkingar

Norconsult AS – Støyvurdering

Miljødirektoratet

Naturbase: naturområder/-typar

artar

Riksantikvaren

Kulturminnesøk og SEFRAK-register

Møre og Romsdal fylkeskommune

Oppsummering etter synfaring av nyare tids kulturminne.

Regional vassforvaltningsplan 2022-2027

Statens vegvesen

Handbok N100 og N101

Vegkart

Vestnes kommune kommune

Kommuneplanen med arealdel (2015)

Kommuneplanens samfunnsdel (2015)

Interkommunal plan for Romsdalsfjorden

Kulturminneplan (2019)

Energi og klimaplan (2011)

JOBing

Ing. Jostein Bø
Kråkvika 33
6390 Vestnes